

---

**Fra:** Ove Sæbø <ove@leiknesbarnehage.no>  
**Sendt:** 13. mars 2014 11:20  
**Til:** Astrid Namtvedt Sylta  
**Emne:** RE: Vedkomande forespurnad om verknad av reguleringsplan m.v.

Heisann – og takk for utgreiing!

Hei Astrid.

Eg treng litt nærare presisering (då dette er langt i frå mitt fagområde...);

1. Er det rett forstått at reguleringsplanen vert gjeldande slik han er i dag uavhengig av om det vert bygging på eigedommen eller ikkje i åra framover? Eller vert han reversert dersom ingenting skjer? Må det søkjast i forhold til kva føremål tomta skal nyttast til (barnehage)....?
2. Kva med dei øvrige tomtane som ligg innanfor denne reguleringsplanen (annan eigar), vil dette påverke desse?

Eg er usikker på kva "statusen" på tomta ev. vert etter 5 år.  
Nytt planvedtak, kva inneber det? Nytt reguleringsplanvedtak...?  
Kan det endre føremålet på tomta... Som nemnt over, kva ev. innverknad har det på dei øvrige tomtane innanfor planområdet?

Eg er vert rett og slett usikker på kva konsekvensar dette gjev for barnehagen om det vert ein ny planprosess – kva kan det ende med....?

Håpar det er råd å seie noko om dette.

Helsing  
Ove

---

**Fra:** Astrid Namtvedt Sylta [<mailto:syas@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** 13. mars 2014 10:00  
**Til:** Ove Sæbø  
**Emne:** VS: Vedkomande forespurnad om verknad av reguleringsplan m.v.

Hei Ove!

Eg var ein tur i «kjellaren» og tok opp spørsmåla dine, sjå svaret under. Skal snakke med rådmannen, gje deg ein lyd når det er gjort

Astrid

---

**Fra:** Siril Sylta  
**Sendt:** 12. mars 2014 16:08  
**Til:** Astrid Namtvedt Sylta  
**Emne:** Vedkomande forespurnad om verknad av reguleringsplan m.v.

Hei.

Når det gjeld reguleringsplanar som er vedteke etter gjeldande plan og bygningslov (pbl 2008), så følgjer det av pbl § 12-4 5.ledd at «er bygge- og anleggstiltak som hjemles i plan fremmet med bakgrunn i privat reguleringsforslag etter § 12-11, ikke satt i gang senest fem år etter vedtak av planen, kan tillatelsen til gjennomføring av planen ikke gis uten nytt planvedtak. Etter søknad fra tiltakshaveren kan planvedtaket forlenges med inntil to år av gangen. Der det innanfor fristen på fem år med eventuell(e) forlengelse(r) er gitt rammetillatelse for et tiltak, gjelder fristen på tre år etter § 21-9 for tiltaket.»

I praksis betyr dette at dersom ein ikkje har sett i gang byggetiltak (som er i tråd med planen) innan 5 år frå reguleringsplanen er vedtatt, så må det liggja føre eit nytt planvedtak til før det kan tillatast bygging. Eit nytt planvedtak krev då ein heilt ny planprosess. Tiltakshavar kan innanfor 5 års perioden, søkja om forlenga frist for planvedtaket med inntil 2 år om gongen.

Når det gjeld byggeløyve etter plan og bygningsloven kap. 20, så er fristen på eit byggeløyve 3 år, jf. pbl § 21-9 1.ledd. Denne fristen er absolutt, og kan ikkje forlengast.

Håper dette er svar på spørsmåla. Ta gjerne kontakt om noko er uklårt.

*Med venleg helsing*

*Siril Sylta  
Konstituert fagleiar  
Byggesak  
Areal- og miljøeininga*